



Sokneprest Lina Håland hadde si første julegudsteneste i Uskedalen, og den var svært godt besøkt.

Det vart sett eit verdig punktum for eit innhaldsrikt jubileumsår på julegudstenesta i kyrkja i dag. Til opning framførte Vegard Døssland saman med organisten Eva Megyesi den vakre julesalmen Mitt hjerte alltid vanker av den store danske salmediktaren Brorson. Det var ei stilfull opning i ei mest fullsett kyrkje.

Presten Lina Håland las juleevangeliet og bad oss leva oss inn i gjetarane sin situasjon på marka, ei folkeguppe lågt på rangstigen, men likevel utvalde av Gud til å vera dei fyrste til å få kjennskap til budskapet om Jesu fødsel. Fleire kom til og undra seg over det gjetarane fortalde.

Lina Håland avslutta talen sin med å sei at ventetida er over. Vona, bodskapen og Frelsaren vedkjem alle folkeslag på jorda.



[Oddbjørg Heimark](#) deltok m.a. med tekstlesing.

Som postludium spelte Vegard og Eva den velkjende julemelodien O, Helga natt.

Det var mektig og kyrkjelyden sette pris på innslaget med applaus.

Redaksjonen merka seg at den faste klokkaren, Magne Eik, hadde permisjon. I hans stad gjorde assisterande klokkar, Hans Reidar Kjærland, ei prikkfri klokkarteneste.



Eva Megyesi og Vegard Døssland sytte for julestemning gjennom vakker musikk.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto/nett: Thor Inge Døssland